



Innkalling og dagsorden

Ekstraordinært møte i representantskapet GassROR IKS

- **Dato:** 05.09.2025
- **Tid:** 12.30 – 13.00
- **Sted:** Teams

Dagsorden:

- | | |
|-----------|--|
| Sak 13/25 | Godkjenning av innkalling og dagsorden |
| Sak 14/25 | Val av møteleder |
| Sak 15/25 | Val av 2 medlemmer av representantskapet til å underskrive protokoll |
| Sak 16/25 | Val:
Suppleringsval styre – styremedlem med vara |
| Sak 17/25 | Endring av vedtekter |

Sak 13/25 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Forslag til vedtak:

Representantskapet godkjenner innkalling og dagsorden.

Sak 14/25 Val av møteleder

I tråd med IKS-lova § 9, vert det foreslått at møtet leiast av representantskapets leiar.

Forslag til vedtak:

Helge Kjøll jr.

Sak 15/25 Val av 2 medlemmer av representantskapet til å underskrive protokoll

Forslag til vedtak:

I tillegg til representantskapets leder, vert følgande valt til under å underskrive protokoll:

1)...

2)...

Sak 16/25 Val: suppleringsval styre – styremedlem med vara

I brev frå Brønnøysundregistra (ligg ved) opplyser dei at styresamansettinga frå val 20.06.2025 ikkje er godkjent då den er i strid med nye reglar for kjønnsbalanse i IKS styre. Styret som blei valt på Representantskapet sitt møte 20.06.2025 har seks medlemmer der 4 er kvinner og 2 menn. I lovteksten heiter det at om styret har fem eller seks medlemmer, kan maksimalt tre styremedlemmer ha same kjønn. For vararepresentantar er kjønnsbalansen etter lova.

For å sleppe å gjere om heile valet rår adm. i samråd med leiar til at det vert gjort eit suppleringsval etter følgande prinsipp.

Dagens styre vert utvida med eitt nytt medlem frå Aukra kommune (mann) med personleg vara. Dette er i tråd med prinsippet som er brukt ved samansetning av Representantskapet og vil oppfylle reglene for kjønnsbalanse i styret.

Valkomiteen si innstilling vert lagt fram på møtet.

Sak 17/25 Endring av Selskapsavtale (vedtekter)

Føresettt val under sak 16/25 som tilrådd frå adm. vert det nødvendig å endre Selskapsavtalen § 5 som i dag lyder:

§ 5 Styret og styrets samansetjing

Styret består av 6 medlemmer med personlege varamedlemmer. Krav til kjønssamansetjing av styret går fram av IKS lova § 1. ledd siste pkt.

Styremedlemmene/varamedlemmene blir valde for to år der halvparten av medlemmene er på val kvart år

Her må talet på styremedlemmer endrast samt at prinsipp for fordeling av styremedlemmer mellom eigarkommunane bør takast med.

Møre og Romsdal fylkeskommune trer ut av selskapet frå 31.12.2025. Dette gjer at Selskapsavtalen sin § 1 må endrast med verknad frå 01.01.2026

§ 1 Selskapet og deltakarane

Selskapets namn er GassROR IKS. Selskapet har kontoradresse i Aukra kommune. GassROR IKS er eit interkommunalt selskap, eigd av kommunane Aukra (1/6), Hustadvika (1/6), Molde (1/6), Rauma (1/6) (og Vestnes (1/6) og Møre og Romsdal fylkeskommune (1/6). Andre kommunar har høve til å søkje om medlemskap.

Her må det gjerast endringar i eigarbrøk.

Endringar i Selskapsavtalen må gjerast under føresetnad om godkjenning i eigarkommunane, jmf. § 11

§ 11 Endringar

Endringar i selskapsavtalen må godkjennast av alle eigarkommunane. Elles gjeld IKS-lova § 4. § 12

Forslag til vedtak:

Representantskapet i GassROR gjer vedtak om følgande endringar av Selskapsavtalen datert 13.12.2019.under føresetnad om godkjenning i eigarkommunane.

§ 1 Selskapet og deltakarane

Selskapets namn er GassROR IKS. Selskapet har kontoradresse i Aukra kommune. GassROR IKS er eit interkommunalt selskap, eigd av kommunane Aukra (1/5), Hustadvika (1/5), Molde (1/5), Rauma (1/5) og Vestnes (1/5). Andre kommunar har høve til å søkje om medlemskap.

§ 5 Styret og styrets samansetjing

Styret består av 7 medlemmer med personlege varamedlemmer. Krav til kjønssamansetjing av styret går fram av IKS lova § 1. ledd siste pkt.

Alle eigarkommunar skal vere representert i styret, og Aukra kommune skal ha 2 representantar.

Styremedlemmene/varamedlemmene blir valde for to år der halvparten av medlemmene er på val kvart år.